



Bosettings- og integreringsplan for Øystre Slidre kommune

2026-2030



Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Samandrag.....	3
1.2	Prosess.....	3
1.3	Bakgrunn og føremål.....	3
1.4	Avgrensingar.....	4
1.5	Organisering.....	4
2	Nosituasjon og utviklingstrekk.....	5
2.1	Nasjonale utviklingstrekk.....	5
2.1.1	Status for flyktingar i Noreg.....	5
2.1.2	Utfordringsbilete nasjonalt.....	5
2.2	Kunnskap om vellukka integrering.....	6
2.2.1	Integrering er samansett.....	6
2.2.2	Faktorar som fremjar integrering.....	7
2.2.3	Faktorar som hemmar integrering.....	7
2.3	Nasjonale mål og kommunalt ansvar.....	8
2.3.1	Overordna nasjonale mål for integreringsarbeidet.....	8
2.3.2	Regelverk og kommunen sitt ansvar.....	8
2.3.3	Introduksjonsprogrammet.....	9
2.3.4	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap.....	9
2.3.5	Førebygging av negativ sosial kontroll og æresmotivert vald.....	10
2.3.6	Likeverdige tenester og ikkje-diskriminering.....	10
2.4	Lokale utviklingstrekk.....	10
2.4.1	Status for flyktingar i Øystre Slidre.....	10
2.4.2	Lokalt utfordringsbilete.....	11
2.4.3	Flyktingane sine egne opplevingar.....	14
2.4.4	Oppsummering av hovudutfordringar.....	15
3	Mål.....	15
3.1	Hovudmål.....	15
3.2	Delmål per satsingsområde.....	15
3.3	Forhold til andre planar.....	16
4	Satsingsområde.....	17
4.1	Haldningar, inkludering og likeverdige tenester.....	17
4.2	Kvalifisering for vaksne flyktingar.....	18
4.3	Arbeid og sjølvforsørging.....	19
4.4	Tilhøyrslø, samfunnsdeltaking og medborgarskap.....	20

4.5	Koordinering og styring	20
Vedlegg	22
Vedlegg 1: Indikatorar for måloppnåing	22
Vedlegg 2: Rammer og føringar	23
Vedlegg 3: Definisjonar	24
Vedlegg 4: Språknivå	26

1 Innleiing

1.1 Samandrag

Denne planen skildrar korleis Øystre Slidre kommune skal arbeide med busetting og integrering av flyktningar i planperioden.

Dei største utfordringane knyter seg til deltaking i arbeidslivet, norskkunnskapar og kvalifisering, transport, manglande møteplassar og behov for betre samordning av tenester.

Målet er at personar med flyktningbakgrunn skal få likeverdige tenester, høve til å delta i arbeid og samfunnsliv, og til å leve sjølvstendige liv i kommunen.

Planen har fem satsingsområde:

- Haldningar, inkludering og likeverdige tenester
- Kvalifisering for vaksne flyktningar
- Arbeid og sjølvforsørging
- Tilhøyrslø, samfunnsdeltaking og medborgarskap
- Koordinering og styring

Satsingsområda peikar ut prioriterte retningar for utvikling av tenester og samarbeid.

1.2 Prosess

I kommunen sin planstrategi for 2024–2027, vedteken i kommunestyret 25. april 2026 i sak 24/195, går det fram at busettings- og integreringsplanen skal reviderast i 2025 eller 2026.

Planen er vesentleg omarbeidd frå førre versjon. Dette kjem dels av at flyktningssituasjonen lokalt er heilt annleis enn i 2020, og dels av eit medvite val om å utelate område som naturleg høyrer til i andre planar. I den tidlegare planen var helse, bustad og oppvekst eigne satsingsområde. I denne versjonen ligg hovudvekta på tenester som er organiserte særskilt for flyktningar, samt koordinering av tenester, og det blir elles vist til det øvrige planverket.

Planen er utarbeidd av ei arbeidsgruppe sett saman av representantar frå integreringstenesta og kulturavdelinga. Brukarane si stemme er varetaken gjennom referansegrupper, samansett av flyktningar med ulik landbakgrunn, alder og butid.

Tiltak som medfører økonomiske konsekvensar, blir eventuelt behandla i økonomiplan.

1.3 Bakgrunn og føremål

Busetting av flyktningar er ei frivillig oppgåve for norske kommunar. Øystre Slidre har gjennom mange år teke ansvar i den nasjonale busettings- og integreringsdugnaden ved å ta imot flyktningar. Sidan Ruslands fullskalainvasjon av Ukraina i 2022 har kommunen busett vesentleg fleire flyktningar enn det som har vore vanleg tidlegare, og godt integreringsarbeid har vorte viktigare enn nokon gong.

God integrering er svært viktig både for enkeltpersonar, familiar, lokalsamfunnet og for kommuneøkonomien. Lukkast vi med integreringsarbeidet, blir flyktningane ein ressurs i lokalsamfunnet og arbeidslivet, òg potensielt for kommunen som arbeidsgivar. Manglande

integrering kan derimot føre til samansette sosiale og helsemessige problem som belastar både den enkelte og samfunnet.

Med integrering meiner ein her at personar med flyktningbakgrunn får ei reell moglegheit til å delta i samfunns- og arbeidsliv på lik line med andre innbyggjarar. Dette handlar om at den enkelte bidreg med eigne ressursar og tek ansvar for eige liv innanfor rammene av rettar og plikter som gjeld i det norske samfunnet. Integrering er ikkje ein einvegssprosess der den enkelte flyktning har alt ansvar, men eit samspel der òg kommunen, lokalsamfunnet og arbeidslivet må bidra. Det er naturleg at flyktningane gjennom integreringsprosessen nærmar seg majoritetsbefolkninga på nokre område, samstundes som dei tek vare på sine særpreg på andre område.

For å lukkast med integreringsarbeidet er det viktig med målretta tiltak, tydeleg ansvarsdeling og god samhandling mellom kommunale tenester, samt med statlege og fylkeskommunale tilbod, arbeidslivet og frivillig sektor. Føremålet med denne planen er å gje ei samla retning for kommunen sitt arbeid med busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar. Planen skal bidra til føreseielegheit, kvalitet og god ressursutnytting, og vere eit styringsverktøy for avgjerder, tenesteutvikling og samarbeid.

1.4 Avgrensingar

Planen skal ivareta personar med flyktningbakgrunn, det vil seie flyktningar som er busette etter avtale med IMDi og deira familiemedlemmer. Sjå vedlegg 3 for definisjonar. For enkelheits skuld blir både nemninga «flyktningar» og «personar med flyktningbakgrunn» brukte for å omtale denne gruppa i det som følgjer. Innbyggjarar som har innvandra på andre grunnlag enn flukt, er ikkje omfatta av denne planen, sjølv om det på nokre område er overlapp i regelverk og ansvar for dei ulike gruppene.

Personar med flyktningbakgrunn er innbyggjarar på lik line med andre og har rett til dei same tenestene. Dei skal få ordinære tenester frå det tenesteområdet som elles har ansvar for tenesta. Flyktningar vil likevel ofte trenge ekstra støtte for å kunne nytte ordinære tenester, særleg i ein startfase. Å gje denne støtta er ei av oppgåvene til flyktningtenesta.

Dei ordinære tenestene flyktningar får, er ikkje tema for denne planen, sidan dette er omfatta av kommunen sitt øvrige planverk. Planen omhandlar difor ikkje generell oppfølging av flyktningar under 18 år i skulen eller helsetilbodet til flyktningar. Det planen tek for seg, er tenester som er organiserte særskilt for flyktningar, samt oppfølging som tek sikte på å setje flyktningar i stand til å nytte dei ordinære tenestene på lik line med andre innbyggjarar.

Med busetting meiner ein i denne planen å ta imot flyktningar etter avtale med statlege styresmakter. Tildeling av og etablering i bustad er ein del av dette arbeidet, men er ikkje eit hovudtema i denne planen, då bustadforvaltning og bustadsosial oppfølging inngår i kommunen sitt øvrige planverk.

1.5 Organisering

Integreringstenesta har ansvar for tenestene som er organiserte særskilt for flyktningar. Tenesteområdet har to avdelingar, Flyktningtenesta og Læringssenteret. Læringssenteret har ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt i andre fag i introduksjonsprogrammet. Flyktningtenesta har ansvar for den individuelle oppfølginga av flyktningane, både med sikte på meistring av kvardagsliv og deltaking i arbeidslivet.

Førebunde opplæring for vaksne (FOV) er ikkje lagt til Læringscenteret, men blir kjøpt frå Nord-Aurdal kommune.

Busetting av flyktningar skjer i samarbeid med bustadkontoret, som forvaltar og klargjer bustader til flyktningane. Det vidare integreringsarbeidet skjer i samarbeid med ulike tenester, etter kva som er aktuelt for den enkelte flyktningen.

2 Nositasjon og utviklingstrekk

Dette kapittelet skildrar situasjonen og kunnskapen som dannar grunnlaget for val av mål og satsingsområde i dei påfølgjande kapitla. Dette omfattar flyktningssituasjonen nasjonalt, kunnskap om kva som skal til for å fremje vellukka integrering av flyktningar, kva nasjonale rammer som styrer kommunen sitt arbeid med busetting og integrering av flyktningar, samt nosituasjonen lokalt.

2.1 Nasjonale utviklingstrekk

2.1.1 Status for flyktningar i Noreg

Tilstrøyminga av flyktningar til Noreg har variert mykje over tid som følgje av internasjonale forhold og nasjonale føringar. Etter ein topp i samband med borgarkrigen i Syria i 2015 og 2016 var det fleire år med låge ankomstar, særleg i pandemiåret 2020. Sidan Russlands fullskalainvasjon av Ukraina i 2022 har ankomstane av flyktningar til Noreg vore historisk høge – i perioden 2022 til 2025 har over 100 000 flyktningar fått opphald i Noreg. Etter at Noreg i 2022 opphavleg gav kollektiv beskyttelse til alle fordrivne frå Ukraina, er det i åra etter gjort fleire innstrammingar i både utlendings- og integreringsregelverket for å avgrense ankomstane.

Personar med flyktningbakgrunn utgjorde 6 % av befolkninga i Noreg i 2025, og 34,6 % av innvandrarbefolkninga. Som følgje av dei store ankomstane av flyktningar frå Ukraina sidan 2022 har no ein stor del av desse kort butid i Noreg, under fem år.

Flyktningar som får opphald i Noreg, blir som hovudregel busette i ein kommune etter avtale mellom staten ved Integrerings- og mangfaldsdirktoratet og kommunen. Busettinga skal vere styrt og spreidd, og sidan 2022 har alle unntatt éin av kommunane i landet busett flyktningar. Det inneber at flyktningbefolkninga er spreidd over heile landet, og at integrering dermed òg er eit anliggende for distriktskommunar og lokalsamfunna deira.

2.1.2 Utfordringsbilete nasjonalt

Deltakinga i arbeidslivet er betydeleg lågare blant personar med flyktningbakgrunn enn i befolkninga elles, og òg lågare enn blant innvandrarak med andre innvandringsgrunnlag. I 2024 var 47 % av flyktningar mellom 15 og 74 år i Noreg sysselsette. Kvinner med flyktningbakgrunn har betydeleg lågare sysselsetjingsgrad enn menn.

Integrering er ein tidkrevjande prosess, og både sysselsetjing og andre indikatorar på integrering aukar med åra. Delen flyktningar med kort butid i Noreg har auka sidan 2022 som følgje av dei høge ankomsttala. Dette har ført til at delen sysselsette innvandrarak no er lågare enn før 2022.

Personar med flyktningbakgrunn har eit lågare utdanningsnivå enn majoritetsbefolkninga. I 2023 hadde 45 % ingen fullført skulegang eller grunnskule som høgaste fullførte utdanning, mot 22 % i majoritetsbefolkninga. Det er likevel stor variasjon mellom flyktningar frå ulike land; delen

flyktingar med utdanning på vidaregåande nivå eller høgare har auka sidan 2022, fordi flyktingar frå Ukraina i stor grad har slik utdanning.

I Noreg har vi ein arbeidsmarknad som stiller høge krav til formell kompetanse samanlikna med mange andre land. Manglande formell utdanning kan gjere det vanskeleg å få ei stabil tilknytning til arbeidslivet, og er knytt til vedvarande låginntekt. Låginntekt er igjen knytt til auka risiko for dårlegare helse, svakare skuleresultat hos barn og fråfall frå vidaregåande opplæring. Personar med flyktingbakgrunn er betydeleg overrepresenterte i gruppa med vedvarande låginntekt.

I tillegg til å ha ei meir usikker tilknytning til arbeidslivet er innvandrarak generelt overrepresenterte i yrke med fysisk belastande arbeidsoppgåver, og dei opplever i større grad arbeidsrelaterte helseproblem og arbeidsskadar. Dei opplever òg fleire stressfaktorar i arbeidsmiljøet, som diskriminering og trakassering på grunn av etnisk bakgrunn og mangel på sosial støtte.

Samtidig som mange flyktingar har ei svak tilknytning til arbeidslivet på grunn av lite utdanning, opplever flyktingar med utdanning i større grad enn majoritetsbefolkninga at dei ikkje får nytte si eiga utdanning og erfaring. Dei er oftare overkvalifiserte for jobbane dei er tilsette i. Ein grunn til dette er at det kan vere vanskeleg å få godkjent utanlandsk utdanning i Noreg, særleg profesjonsutdanningar.

Norsk språk er ein viktig nøkkel til integrering, men per 2022 var det under halvparten av kandidatane som tok avsluttande prøve i norskopplæringa for vaksne som oppnådde sjølvstendig brukarnivå (B1 eller høgare, sjå vedlegg 4). Delen er høgare blant personar med høgare utdanning frå før, og blant aldersgruppa under 35 år.

Sjølv om busettinga av flyktingar er spreidd over heile landet, vel ein del å flytte, særleg til dei mest sentrale kommunane. Dette er ein tendens som har fått mykje merksemd dei siste åra, mellom anna fordi det kan føre til ei opphoping av levekårsutfordringar i enkelte bykommunar. Det finst regelverk som avgrensar moglegheita til å flytte i dei første fem åra etter busetting, med mindre personen er sjølvforsørgd.

2.2 Kunnskap om vellukka integrering

Føremålet med dette delkapittelet er å gje ei kort oppsummering av kunnskap om kva som fremjar og hemmar integrering. Framstillinga byggjer på nasjonale erfaringar og forskning, og gjev eit fagleg bakteppe for kommunen sine val av mål og satsingsområde.

2.2.1 Integrering er samansett

Integrering er ein langvarig prosess som skjer i samspel mellom den enkelte og samfunnet elles. Prosessen er samansett ved at han går føre seg på fleire område i livet samstundes. Framgangen kan skje i ulikt tempo på dei ulike områda, samstundes som utvikling på eitt område kan påverke eit anna. For kommunen inneber dette at innsatsen ikkje kan avgrensast til eitt samfunnsområde dersom ein skal lukkast med integreringsarbeidet.

Fem område blir trekte fram som viktige sider ved integreringsprosessen:

1. **Utdanning og kvalifisering:** deltaking i utdanning, resultat og kvalifikasjonar
2. **Arbeid:** tilknytning til arbeidslivet, inkludert arbeidsforhold, arbeidstid og arbeidsmiljø
3. **Økonomi og levekår:** stabilitet i økonomisk situasjon, buforhold, helse og livskvalitet

4. **Politisk integrering:** valdeltaking, politisk representasjon og tillit til samfunnsinstitusjonar
5. **Sosial integrering:** sosial kontakt med personar i majoritetsbefolkninga på formelle og uformelle arenaer, inkludert deltaking i frivilligheit og fritidsaktivitetar, samt oppleving av tillit og tilhøyrse

Dei tre første områda heng tett saman. Utdanning gjer det lettare å få ei god og stabil tilknytning til arbeidslivet, som igjen er viktig for å oppnå ein stabil privatøkonomi og gode levekår. God økonomi og gode levekår gjer det i sin tur lettare å stå i arbeid eller utdanning.

2.2.2 Faktorar som fremjar integrering

Vellukka integrering blir fremja av følgjande individuelle forhold:

- Gode norskkunnskapar
- Utdanning og relevant kompetanse
- Arbeidserfaring, særleg når denne er lett omsetjeleg til den norske arbeidsmarknaden
- God helse og stabil livssituasjon
- Sosialt nettverk

Vellukka integrering blir fremja av følgjande strukturelle forhold:

- Tidleg, arbeidsretta og individuelt tilpassa kvalifisering og oppfølging
- Tilgang til arbeid og arbeidspraksis
- Stabile buforhold
- Gode og samordna offentlege tenester, med føreseieleg oppfølging over tid

2.2.3 Faktorar som hemmar integrering

Integrering kan bli hemja av følgjande individuelle forhold:

- Svake norskkunnskapar
- Låg eller manglande formell kompetanse
- Dårlige levekår, inkludert buforhold
- Helseutfordringar og omsorgsoppgåver
- Manglande sosiale nettverk

Det blir presisert at desse individuelle faktorane ikkje er den enkelte si «feil», og at dei heng tett saman med strukturelle forhold, både i Noreg og i heimlandet.

Integrering kan bli hemja av følgjande strukturelle forhold:

- Høge kompetansekrav i arbeidslivet, både til formell kompetanse og norskkunnskapar
- Sosial dumping
- Diskriminering og rasisme
- Avgrensa tilgang til transport
- Avgrensa tilgang til offentlege tenester eller manglande samordning mellom tenester
- Avgrensa fridom til deltaking som følgje av negativ sosial kontroll og æresmotivert vald

Integrering skjer i samspel mellom alle desse faktorane, og resultatata vil variere både ut frå den enkelte sine føresetnader og dei strukturelle rammene i samfunnet, mellom anna innsatsen frå dei offentlege tenestene.

2.3 Nasjonale mål og kommunalt ansvar

I dette delkapittelet blir nasjonale mål for integreringsarbeidet skildra, samt rammene som definerer kommunen sitt ansvar.

2.3.1 Overordna nasjonale mål for integreringsarbeidet

Stortingsmeldinga *Om integreringspolitikken: Stille krav og stille opp* (Meld. St. 17 (2023–2024)) fastset dei overordna nasjonale måla for integreringspolitikken og retninga for den vidare utviklinga av denne. Dei overordna måla er at:

1. fleire kjem inn i og får varig fotfeste i det seriøse arbeidslivet
2. systema for å ta imot nykomne er fleksible i møte med store svingingar
3. integreringspolitikken er effektiv, heilskapleg og målretta

I tillegg har regjeringa mål om å «bygge sterke felleskap og gode fellesarenaer, fremme likestilling, og bekjempe negativ sosial kontroll.» Integrering blir skildra som ei sektorovergripande oppgåve som krev innsats frå ulike delar av offentleg sektor og sivilsamfunnet.

Arbeidslinja står sentralt i integreringspolitikken, som i andre politikkområde. Flyktningar og andre innvandrarakar skal møtast med både nødvendig støtte og tydelege krav frå samfunnet. Busettinga av flyktningar skal vere spreidd, styrt, rask og treffsikker, og ta omsyn til moglegheiter for arbeid. Dette inneber at kommunane spelar ei sentral rolle i å leggje til rette for integrering i heile landet.

2.3.2 Regelverk og kommunen sitt ansvar

Norsk busettingspolitikk byggjer på eit prinsipp om frivilligheit hjå kommunane; staten oppmodar kommunane om å busette flyktningar i tråd med nasjonale prioriteringar, men kommunane står fritt til å velje å ta imot færre eller ingen.

Sjølv om kommunane står fritt til å velje om dei vil busette flyktningar eller ikkje, følgjer det tydelege plikter og ansvar når ein flyktning blir busett i kommunen. Busetting skjer som hovudregel med offentleg hjelp, men personar med flyktningbakgrunn kan òg kome til kommunen på eiga hand, til dømes gjennom familieinnvandring eller flytting frå ein annan kommune.

Kommunen sitt ansvar er knytt til rettane til den enkelte flyktningen, og gjeld uavhengig av korleis personen er busett i kommunen. Integreringslova pålegg kommunen plikt til å tilby introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap til personar i målgruppa. Målgruppa for integreringslova er i hovudsak vaksne flyktningar mellom 18 og 67 år.

Integreringslova regulerer opplæring, kvalifisering og arbeidsretta oppfølging av vaksne flyktningar. Andre sider ved integreringsarbeidet er ikkje regulerte i eiga lovgiving, men følgjer den ordinære sektorlovgivinga. Dette omfattar den sosialfaglege oppfølginga av vaksne flyktningar, oppfølging av flyktningbarn i skulen og helse- og omsorgstenester til flyktningar.

For kommunen inneber dette at integreringstenesta, som har ansvar for kommunen si etterleving av integreringslova, ikkje har lovregulert ansvar for barn eller eldre flyktningar. Dette ansvaret

følgjer sektorlovgivinga og ligg hos andre tenesteområde. Det inneber at godt integreringsarbeid krev samarbeid mellom fleire tenester for å sikre heilskapleg oppfølging.

Nedanfor følgjer ei skildring av kommunen sine plikter som gjeld særskilt integrering.

2.3.3 Introduksjonsprogrammet

Introduksjonsprogrammet er det viktigaste verkemiddelet vi har for kvalifisering og arbeidsmarknadsintegrering av vaksne flyktningar. Programmet tek sikte på å setje flyktningar i stand til å gå vidare til ordinært arbeid eller utdanning så raskt som mogleg, og til å oppnå ei varig tilknytning til arbeidslivet. I tillegg skal programmet gje dei kjennskap til forhold og forventningar i det norske samfunnet. For vaksne flyktningar er deltaking i introduksjonsprogrammet både ein rett og ei plikt, og deltaking gjev rett til introduksjonsstønad. Introduksjonsstønaden er ei yting som skal etterlikne lønsinntekt, men er differensiert etter alder og bu- og familiesituasjon.

Organiseringa av introduksjonsprogrammet byggjer på eit prinsipp om individuell tilpassing. Personar med utdanning frå før skal lære grunnleggjande norsk og kome raskt ut i arbeid, medan dei utan utdanning på vidaregåande nivå eller høgare skal få moglegheit til formell kvalifisering for å fremje stabil tilknytning til arbeidslivet. Konsekvensen av dette er at personar med ulik utdanningsbakgrunn får svært ulik varigheit på programmet, frå eitt til fem år.

Deltakarar i introduksjonsprogrammet får opplæring i norsk og samfunnskunnskap, kurs i livsmeistring i eit nytt land, og foreldrerettleiing dersom dei har barn under 18 år. Alle skal i tillegg ha individuelt tilpassa innhald som tek sikte på anten å hjelpe dei ut i arbeid eller gje dei formelle kvalifikasjonar. Arbeidsretta innhald er ofte arbeidspraksis i det ordinære arbeidslivet. Utdanningsretta innhald kan vere deltaking i førebuande opplæring for vaksne (FOV) eller vidaregåande opplæring.

Kommunen har ansvar for å tilby og følgje opp introduksjonsprogrammet, slik at det er individuelt tilpassa og samordna med andre tenester. Kommunen har òg ansvar for å tilby førebuande opplæring for vaksne til dei som har rett til dette etter opplæringslova.

2.3.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap er eit sentralt verkemiddel i integreringsarbeidet. Gode norskkunnskapar er ein føresetnad for deltaking i arbeids- og samfunnsliv, og opplæring i samfunnskunnskap skal bidra til forståing av rettar, plikter og sentrale samfunnsforhold i Noreg.

Personar som har rett og plikt til introduksjonsprogram, har òg rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og får denne opplæringa som ein integrert del av introduksjonsprogrammet. Målgruppa for opplæring i norsk og samfunnskunnskap er likevel større enn målgruppa for introduksjonsprogrammet, og omfattar òg innvandrarakar med andre opphaldsgrunnlag enn beskyttelse.

Føremålet med opplæringa er at deltakarane skal oppnå norskkunnskapar som gjer dei i stand til å delta i arbeid, utdanning og samfunnsliv, og ivareta eigne rettar og plikter. Kommunen har ansvar for å tilby og leggje til rette for opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at deltakarane får eit tilpassa og heilskapleg opplæringstilbod.

2.3.5 Førebygging av negativ sosial kontroll og æresmotivert vald

Førebygging av negativ sosial kontroll og æresmotivert vald er ein del av kommunen sitt ansvar for å sikre at alle innbyggjarar kan leve frie og sjølvstendige liv. Slike forhold kan avgrense den enkelte si moglegheit til å delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv, og dermed hemje integreringsprosessen.

Kommunen sitt ansvar følgjer av menneskerettar, sektorlovgiving og krav til forsvarlege tenester, og omfattar både førebygging, avdekking og oppfølging. Arbeidet er ikkje regulert i éi eiga lov, men inngår i det ordinære ansvaret til fleire tenester. Avverjeplikta etter straffelova og opplysningsplikta etter barnevernslova er sentrale.

Dette inneber at førebygging av negativ sosial kontroll og æresmotivert vald er eit tverrfagleg og sektorovergripande ansvar som krev samarbeid mellom mellom anna skule, barnevern, helse- og omsorgstenester, Nav og integreringstenesta. Integreringstenesta har ei særleg rolle i det førebyggjande arbeidet, ved at vaksne flyktingar skal få kunnskap om retten til å leve eit fritt og sjølvstendig liv gjennom fleire av elementa i introduksjonsprogrammet.

2.3.6 Likeverdige tenester og ikkje-diskriminering

Personar med flyktingbakgrunn har rett til likeverdige offentlege tenester på lik line med andre innbyggjarar. Likeverdige tenester inneber at den enkelte får eit tilbod som er tilpassa eigne behov, slik at alle har reell tilgang til tenester.

Kommunen sitt ansvar følgjer mellom anna av tolkelova og likestillings- og diskrimineringslova. Tolkelova stiller krav om at offentlege tenester nyttar kvalifisert tolk i møte med personar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar, og skal bidra til rettstryggleik og likeverdige tenester.

Likestillings- og diskrimineringslova forbyr diskriminering mellom anna på grunnlag av etnisitet og pålegg offentlege myndigheiter å arbeide aktivt for likestilling og likeverd. Dette inneber både å førebyggje direkte og indirekte diskriminering og å sikre at tenestene er tilgjengelege og inkluderande.

For kommunen inneber dette eit ansvar for å leggje til rette for tenester slik at dei er tilgjengelege, forståelege og tilpassa ulike behov, og for å arbeide systematisk for å sikre likeverdige tenester for alle innbyggjarar på tvers av tenesteområde.

2.4 Lokale utviklingstrekk

2.4.1 Status for flyktingar i Øystre Slidre

Talet på flyktingar som blir busette i Øystre Slidre, har variert over tid, i takt med nasjonale ankomstar. Før 2022 var det høgaste talet i eitt enkelt år 17 personar i 2015. Som følgje av dei høge ankomstane etter Russlands fullskalainvasjon av Ukraina auka busetjinga betydeleg til 65 personar i 2022 og 60 personar i 2023. I åra etter har busetjinga stabilisert seg på eit lågare nivå, med 27 og 25 busette i høvesvis 2024 og 2025, og vedtak om å busette 25 personar i 2026.

Storleiken på flyktingbefolkninga i kommunen blir ikkje berre påverka av kor mange som blir busette, men òg av flytting til andre kommunar eller ut av landet. Interne tal viser at 109 flyktingar som har vorte busette i kommunen, har flytta ut att sidan medio 2018.

Ifølgje offentlig statistikk (SSB) utgjorde personar med flyktingbakgrunn om lag 5,3 % av kommunen si befolkning i 2025, tilsvarande rundt 170–175 personar, og 37,8 % av

innvandrarbefolkninga. Når det blir teke omsyn til busetting etter 2025, er flyktningbefolkninga per mai 2026 anslått til litt over 200 personar. Som følge av høg busetting etter 2022 har ein stor del av flyktningane i kommunen kort butid i Noreg, under fem år.

Flyktningane som har kome til kommunen dei siste ti åra, har bakgrunn frå Ukraina, Syria, Eritrea, Afghanistan, Kongo og Somalia. I flyktningbefolkninga som heilskap er det ei relativt jamn kjønnsfordeling, og alle aldersgrupper er representerte. Dette omfattar både einslege, par og barnefamiljar.

2.4.2 Lokalt utfordringsbilete

Utfordringsbiletet nasjonalt, slik det er gjort greie for i delkapittel 2.1, har tydelege parallellar til utfordringsbiletet lokalt i kommunen. I tillegg har vi særskilde utfordringar og moglegheiter knytte til lokale forhold og det å vere ein distriktskommune. Lokale utfordringar handlar ikkje berre om den enkelte flyktningen sine føresetnader, men om korleis strukturane rundt påverkar moglegheitene deira.

Arbeid og kompetanse

Det er låg sysselsetjingsgrad blant flyktningar i kommunen (42,4 % per 2024) samanlikna med befolkninga elles. Ein stor del har kort butid, noko som bidreg til lågare sysselsetjing. Det er venta at delen sysselsette vil auke framover, fordi måloppnåinga i introduksjonsprogrammet i form av direkte overgang til arbeid har vorte betre sidan 2024.

Store delar av den lokale arbeidsmarknaden stiller høge krav til formell kompetanse. Reiselivsnæringa er ein viktig inngangsport til arbeid, sidan denne ikkje stiller like høge krav til utdanning som andre næringar. Samstundes blir det i kunderetta stillingar stilt krav til gode språkferdigheiter i norsk og engelsk.

Den lokale arbeidsmarknaden, særleg innan reiselivet, har vist ei større absorpsjonsevne enn ein kunne forvente, gitt dei høge ankomstane av flyktningar sidan 2022. Det kan likevel vere ei utfordring at det finst relativt få arbeidsgivarar i den lokale arbeidsmarknaden. Det er ikkje alle nisjar i den nasjonale arbeidsmarknaden som finst lokalt, og det kan føre til at visse typar kompetanse ikkje kan nyttast i kommunen, eller at det er vanskeleg å få innpass i arbeidslivet med låg formell kompetanse i kombinasjon med svake norskkunnskapar.

Kommunen er sjølv ein stor arbeidsgivar lokalt, men strenge reglar gjer det vanskelegare å inkludere personar med flyktningbakgrunn i kommunal sektor. Dette handlar både om reglar for tilsetjingsprosessen (offentleg utlysing, kvalifikasjonsprinsippet) og om lovkrav til formell kompetanse og språknivå i sentrale yrke og verksemder.

Arbeidslivet si erfaring med og kompetanse innan inkludering og mangfald varierer mellom bransjar og verksemder. Medan enkelte bransjar, som reiselivet, har erfaring med inkludering gjennom arbeidsinnvandring, har andre bransjar og verksemder mindre erfaring med å inkludere arbeidstakarar med ein annan språk- og kulturbakgrunn.

Øystre Slidre, som resten av landet, er venta å ha eit aukande behov for arbeidskraft i åra som kjem, for å ta vare på ei aldrande befolkning. Her kan flyktningar vere ein viktig ressurs, samstundes som sysselsetjingsgraden kan aukast, gitt rett kvalifisering og språkferdigheiter.

Språk og kvalifisering

Det er ei gjennomgåande utfordring at personar med flyktningbakgrunn ikkje lærer norsk på det nivået både dei sjølv og mange arbeidsgivarar forventar i løpet av den tida dei har rett til opplæring. Det er eit prinsipp i norskopplæringa at dei grunnleggjande språkferdigheitene deltakarane tileignar seg i klasserommet, skal byggjast vidare på i arbeidslivet. I mange tilfelle fungerer dette etter føremålet, men det føreset både at personen kjem i arbeid og at arbeidshardagen gjev tilstrekkelege moglegheiter til å bruke språket i praksis.

Eit lite fagmiljø og lite elevgrunnlag gjer det krevjande å leggje til rette norskopplæringa etter den enkelte sine behov. I vaksenopplæringa er det ikkje berre behov for å tilpasse etter språknivå, men òg etter læringshastigheit, som ofte heng saman med utdanningsbakgrunn. På større vaksenopplæringsenter kan slik tilpassing i større grad løysast gjennom gruppeinndeling etter nivå og progresjon, medan lågare elevtal føreset individuelle tilpassingar innanfor gruppene.

Det avgrensa elevgrunnlaget fører òg til utfordringar med organiseringa av andre tilbod, som samfunnskunnskap og foreldrerettleiing, fordi desse skal gjennomførast på morsmål eller eit språk deltakarane forstår. Dette gjer elevgrunnlaget for kvart enkelt kurs endå mindre, sidan deltakarane må delast inn etter språkgruppe. Som følgje av denne utfordringa har mange av desse kursa dei seinare åra vorte kjøpte frå eksterne tilbydarar og blir gjennomførte digitalt.

Personar med flyktningbakgrunn som har behov for formell kvalifisering, anten som ein del av introduksjonsprogrammet eller etterpå, må reise ut av kommunen for dette. Førebuande opplæring for vaksne (FOV – tidlegare grunnskule for vaksne) blir kjøpt frå Nord-Aurdal kommune og går føre seg på læringsenteret på Leira. Etter nylige innstrammingar i integreringsregelverket er det venta at færre deltakarar vil få FOV som ein del av introduksjonsprogrammet framover.

Vidaregåande opplæring for vaksne er organisert på Karrieresenteret, òg på Leira. Den vidaregåande opplæringa som er organisert særskilt for vaksne, er fleksibel for å passe ulike livssituasjonar, men er lokalt berre tilgjengeleg innanfor dei mest etterspurde lærefaga. Dersom ein ønskjer å ta andre fagretningar eller studere på høgskulenivå, kan det vere nødvendig å flytte frå kommunen.

Busetting og bustad

Flyktningar har vorte busette frå sør til nord i kommunen, i Rogne, Volbu, Heggenes, Skammestein og Beitostølen. Det har vore god nok tilgang på eigna bustader, men dei store ankomstane av flyktningar frå Ukraina har òg lokalt pressa bustadprisane opp.

Flyktningane blir som hovudregel busette i kommunale bustader (eigde eller framleigde av kommunen), og betaler husleige til kommunen. Det er ei utfordring at mange blir buande lenge i det som er meint å vere eit mellombels butilbod, slik at tilgangen på bustader til nye busettingar blir avgrensa.

Transport og mobilitet

Transport er ei sentral utfordring i integreringsarbeidet. Øystre Slidre har store avstandar og eit avgrensa kollektivtilbod, og det er vanskeleg å klare seg utan bil og førarkort.

Mange flyktningar har verken bil eller førarkort som er gyldig i Noreg, noko som avgrensar moglegheita til å delta i arbeid, utdanning, fritidsaktivitetar og uformelle møteplassar. Dette gjeld særleg i situasjonar der kvardagen krev koordinering mellom fleire aktivitetar, som levering i barnehage og oppmøte i arbeid eller opplæring. Det er òg ei særskild utfordring at ein ikkje kan

arbeide i delar av reiselivet og samstundes vere avhengig av kollektivtransport, fordi bussane ikkje går før frukostserveringa og etter middagserveringa.

Kommunen legg til rette gjennom transport til barnehage, skule og vaksenopplæring, men utfordringa blir ståande på fleire område.

Det er kostbart å ta førarkort i Noreg, særleg for personar med flyktningbakgrunn som ikkje har nokon i nettverket sitt å øvingskøyre med.

Møteplassar og deltaking

Øystre Slidre har, som ein liten distriktskommune, få formelle og uformelle møteplassar. I Noreg er det vanleg at aktivitetar og sosiale samankomstar er organiserte innanfor formelle rammer. Dette kan vere uvant for mange personar med flyktningbakgrunn, som heller er vane med å kunne møtast meir spontant, anten det er på kafé, heime hos kvarandre eller for å spele fotball på løkka. Dette kan gjere det vanskeleg å treffe ønskja til flyktningane når aktivitetar og samankomstar blir organiserte.

Personar med flyktningbakgrunn har avgrensa representasjon i kommunen, anten det er i politiske organ, utval, FAU eller frivillige organisasjonar. Dette kan avgrense moglegheita til å påverke eigen kvardag og delta i lokalsamfunnet på lik line med andre innbyggjarar.

Befolkningsutvikling og utflytting

Øystre Slidre har, som mange distriktskommunar, utfordringar knytte til befolkningsutvikling og ei aldrande befolkning. Busetting av flyktningar har dei siste åra bidrege til auka folketal og tilførsel av yngre aldersgrupper. Samstundes er det ei utfordring å sikre at flyktningane blir verande i kommunen over tid.

Ei anna side ved den nasjonale problematikken knytt til sekundærflytting blant flyktningar er at dei som flyttar til dei mest sentrale kommunane, flyttar frå kommunen dei opphavleg vart busette i. På nasjonalt nivå finst det berre statistikk for tilflytting av flyktningar, ikkje fråflytting, men interne tal og erfaringar tilseier at ein betydeleg del av flyktningane som har vorte busette i kommunen, har flytta frå Øystre Slidre igjen. Grunnane til flytting er samansette, men ønsket om å kome nærare slekt og nettverk framstår som sentralt. Tilgang til arbeid og utdanning, samt opplevd tilhøyrsløse til lokalsamfunnet, er òg venta å spele inn, og er til skilnad frå nettverk andre stader forhold som kommunen kan påverke gjennom målretta arbeid.

For kommunen inneber utflytting at ressursar brukt på busetting og integrering i mindre grad gjev langsiktig effekt lokalt. Også av omsyn til befolkningsutviklinga er det ønskjeleg at busette flyktningar blir verande i kommunen over tid.

Samordning av tenester

Personar med flyktningbakgrunn kan ha eit særleg behov for samordning av tenester, både fordi dei kan trenge ekstra støtte for å kunne nytte dei ulike tenestene, og fordi mange ulike tenester og forvaltningsnivå er involverte i integreringsarbeidet. I tillegg til samordning internt i kommunen er det behov for samordning med Nav (både den kommunale og den statlege delen) og utdanningsinstitusjonar, som Karrieresenteret.

Samarbeidet med Nav er godt forankra gjennom både ei samarbeidsavtale og tilhøyrande rutinar. For andre tenestemråde finst det ikkje tilsvarande, og samarbeidet blir difor meir sporadisk og mindre strukturert. Kort organisatorisk avstand gjer at det blir samarbeidd godt i

mange enkeltsaker, men samordninga blir meir tungvint enn nødvendig fordi det ikkje finst nokon overordna struktur.

Kommuneøkonomi

Vellukka integrering er viktig for ein sunn kommuneøkonomi. Busetting av flyktningar medfører både tilskotsinntekter og auka utgifter dei første åra. Ein person med flyktningbakgrunn som lukkast med å få ei stabil tilknytning til arbeidsmarknaden, blir ein ressurs for arbeidslivet og som skattebetalar. Dersom ein flyktning derimot blir ståande utanfor arbeidslivet, fører dette til utgifter til økonomisk sosialhjelp og indirekte til ressursbruk i fleire tenesteområde.

Det er peikt på fleire forhold som kan hindre integrering av personar med flyktningbakgrunn lokalt, og som det bør takast tak i til beste både for den enkelte sin livssituasjon og kommunen si langsiktige utvikling. Utfordringar knytte til språk, kompetanse, arbeidsmarknad, transport, buforhold og tilhøyrsløse påverkar flyktningar sine moglegheiter for deltaking i arbeid og samfunnsliv, og dannar eit bakteppe for korleis flyktningane sjølve opplever det å bu og etablere seg i kommunen.

2.4.3 Flyktningane sine eigne opplevingar

Personar med flyktningbakgrunn i Øystre Slidre er ei samansett gruppe, men det finst likevel klare fellestrekk i korleis dei forstår si eiga situasjon og opplever det å etablere seg i kommunen.

På den positive sida blir kommunen framheva som ein trygg og god stad for barn å vekse opp. Fleire opplever òg at enkeltpersonar aktivt bidreg til inkludering i kvardagen, til dømes ved å helse og ta kontakt. Mange trekkjer fram at dei har fått god hjelp frå flyktningtenesta, særleg gjennom integreringskonsulenten, som har gjeve viktig informasjon og hjelpt dei med å orientere seg i eit komplekst offentleg tenestetilbod og i samfunnet elles.

Når det gjeld utfordringar, peikar flyktningane både på nasjonal politikk og lokale forhold. Personar med mellombels opphaldsløyve, særleg ukrainarar med mellombels kollektiv beskyttelse, opplever at uvisse knytt til dette er belastande. Høge krav for å oppnå permanent opphaldsløyve og statsborgarskap bidreg òg til uro og stress. Fleire opplever at nasjonale reglar avgrensar moglegheita til å flytte til andre kommunar, sjølv når det kunne vore aktuelt av omsyn til arbeid eller utdanning. Mange opplever at kvalifiseringa gjennom introduksjonsprogrammet og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap ikkje har eit tilstrekkeleg omfang til å gje dei dei verkemidla dei treng for å lukkast, særleg når det gjeld norsk språk.

Når det gjeld lokale forhold, går nokre utfordringar att. Transport framstår som ein betydeleg barriere, både for å få kvardagen til å fungere og for sosial deltaking. Det er òg krevjande å ta førarkort, særleg med trang privatøkonomi. Fleire etterlyser fleire sosiale møteplassar, som samstundes må vere tilgjengelege utan behov for eigen bil.

Fleire har opplevd trakassering som dei sjølve oppfattar som knytt til deira status som flyktningar, utan at det nødvendigvis blir opplevd som direkte rasistisk.

Fleire peikar òg på mangelfull samordning mellom tenester, særleg mellom kommunen, Nav og Karrieresenteret. Det blir opplevd som utfordrande å vite kvar ein skal vende seg, og fleire gjev uttrykk for frustrasjon over ikkje å få den hjelpa dei har behov for.

2.4.4 Oppsummering av hovudutfordringar

På bakgrunn av gjennomgangen av lokale utviklingstrekk og flyktningane sine egne erfaringar kan følgjande hovudutfordringar identifiserast:

- Låg deltaking i arbeidslivet
- Utilstrekkelege norskferdigheiter og avgrensa tilgang til kvalifiseringstilbod
- Transport som barriere
- Få møteplassar og avgrensa sosial deltaking
- Utflytting og svak langsiktig tilknytning til kommunen
- Mangelfull samordning av tenester

3 Mål

Måla i denne planen peikar ut overordna retning for kommunen sitt arbeid med busetting og integrering av flyktningar. Måla er utforma for å stå seg over tid, gjennom endringar både i flyktningssituasjonen og i nasjonale føringar. Konkrete indikatorar for måloppnåing er difor ikkje inkluderte her, men kjem fram i vedlegg 1.

3.1 Hovudmål

Øystre Slidre kommune skal vere ein fleksibel og kompetent busettingskommune som buset flyktningar i tråd med nasjonale behov, lokale føresetnader og eit prinsipp om likeverd mellom menneske. Personar med flyktningbakgrunn skal få likeverdige tenester, moglegheit til å bidra med egne ressursar i samfunns- og arbeidslivet på lik line med andre innbyggjarar, og til å leve frie og sjølvstendige liv.

3.2 Delmål per satsingsområde

Haldningar, inkludering og likeverdige tenester

- Øystre Slidre kommune skal fremje inkluderande haldningar og sikre likeverdig behandling av flyktningar i møte med kommunale tenester og lokalsamfunnet.
- Kommunen skal samarbeide med frivilligheita i arbeidet med å fremje flyktningar si tilhøyrse og deltaking i lokalsamfunnet.

Likeverdig behandling inneber at flyktningar både får nødvendig støtte og blir møtt med dei same forventningane og krava som andre innbyggjarar.

Kvalifisering for vaksne flyktningar

- Vaksne flyktningar skal få eit individuelt tilpassa og arbeidsretta kvalifiseringstilbod som gjev dei det nødvendige grunnlaget for overgang til arbeid eller vidare utdanning, samt for vidare læring etter avslutta introduksjonsprogram.
- Vaksne flyktningar skal tileigne seg tilstrekkelege norskkunnskapar og kunnskap om det norske samfunnet til å leve sjølvstendige liv, ivareta egne interesser og delta aktivt i lokalsamfunnet.
- Kommunen skal, så langt det er mogleg, leggje til rette for at vaksne flyktningar får formell kompetanse gjennom introduksjonsprogrammet når dette vil styrkje den enkelte si moglegheit for varig tilknytning til arbeidslivet eller oppfylle lokale kompetansebehov.

Arbeid og sjølvforsørging

- Vaksne flyktingar som bur i kommunen, skal så langt det er mogleg forsørgje seg sjølve og familien sin gjennom arbeid etter avslutta introduksjonsprogram.
- Vaksne flyktingar skal få ei stabil tilknytning til arbeidslivet etter avslutta introduksjonsprogram for å unngå vedvarande låginntekt og tilhøyrande sosiale og helsemessige utfordringar.
- Kommunen som arbeidsgivar skal ta sin del av ansvaret for inkludering av flyktingar i arbeidslivet.

Tilhøyrsløse, samfunnsdeltaking og medborgarskap

- Kommunen skal leggje til rette for at flyktingar blir busette spreidd i kommunen for å fremje inkludering, styrkje deltaking i lokalsamfunna og bidra til gode møteplassar mellom nykomne og etablerte innbyggjarar.
- Personar med flyktingbakgrunn i Øystre Slidre skal oppleve tilhøyrsløse og tillit til lokalsamfunnet, og delta i samfunnslivet på lik line med andre innbyggjarar.
- Personar med flyktingbakgrunn i Øystre Slidre skal ha tillit til samfunnsinstitusjonane og delta i demokratiske prosessar på lik line med andre innbyggjarar.

Fri deltaking i samfunns- og demokratiske prosessar føreset at alle innbyggjarar har reell moglegheit til å ta eigne val utan press, tvang eller kontroll. Kommunen legg til grunn at likeverdig deltaking inneber både rett til å delta og ansvar for å bidra innanfor rammene av fellesskapet.

Koordinering og styring

- Personar med flyktingbakgrunn skal få heilskapleg og koordinert oppfølging på tvers av kommunale tenester og forvaltningsnivå.
- Kommunen skal ha eit system for internkontroll som sikrar at integreringsarbeidet er i tråd med lovverket, målretta og samordna, og som gjer det mogleg å vurdere måloppnåinga av dei øvrige delmåla.

3.3 Forhold til andre planar

Vellukka integrering føreset innsats på fleire samfunnsområde og frå fleire tenesteområde. Mål og tiltak innan psykisk og somatisk helse, bustad og oppvekst er difor sentrale for å sikre like moglegheiter for personar med flyktingbakgrunn. Personar med flyktingbakgrunn treng ofte særleg tilrettelegging for å kunne nytte ordinære tenester.

Helse- og omsorgsplan

God fysisk og psykisk helse er ein føresetnad for deltaking i kvalifisering, arbeid og samfunnsliv. Helseutfordringar kan vere ein barriere for gjennomføring av introduksjonsprogrammet og for varig tilknytning til arbeidslivet.

Bustadsosial handlingsplan

Stabile og eigna buforhold er avgjerande for deltaking i arbeid, utdanning og lokalsamfunn. Utfordringar knytte til tilgang på bustad og gjennomstrøyming i kommunale bustader kan påverke både busetting og integreringsløp.

Oppvekstplan

Oppvekstvilkåra til barn og unge har stor betydning for langsiktig integrering. Tidleg innsats i

barnehage og skule, samt støtte til familiar, er viktig for å førebyggje utanforskap og sikre like moglegheiter.

4 Satsingsområde

Satsingsområda konkretiserer korleis kommunen skal arbeide for å nå måla i kapittel 3. Dei tek utgangspunkt i utfordringsbiletet som er skildra i kapittel 2, og peikar ut område der det er behov for særleg innsats i planperioden.

Satsingsområda er ikkje uttømmande, men skisserer prioriterte retningar for utvikling av tenester og samarbeid med andre aktørar.

4.1 Haldningar, inkludering og likeverdige tenester

Personar med flyktningbakgrunn i kommunen har avgrensa deltaking i lokalsamfunnet og opplever utfordringar med å forstå og kunne nytte offentlege tenester. Nokre har òg vore utsette for trakassering. Desse forholda synleggjer at integrering er ein prosess som skjer i samspel mellom den enkelte og omgjevnadene, og at vellukka integrering føreset inkludering frå samfunnet si side. Dette satsingsområdet handlar om korleis personar med flyktningbakgrunn blir møtte, og særleg om korleis kommunen kan leggje til rette for haldningar og praksisar som fremjar inkludering, likeverdige tenester og likeverdig deltaking på ulike arenaer.

Prioriterte innsatsområde:

- **Styrkje kompetansen innan mangfald, kultur og inkludering**, og arbeide aktivt for inkluderande haldningar i aktuelle tenesteområde. Kunnskap gjev tryggleik og førebyggjer berøringsangst, og vil setje tilsette betre i stand til ikkje berre å møte flyktningar på ein inkluderande måte, men òg til å møte dei med dei same tydelege forventningane som gjeld for andre innbyggjarar. Det er òg aktuelt å styrkje kompetansen om negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, slik at tilsette kan førebyggje, avdekkje og følgje opp slike saker på ein god måte.
- **Styrkje kompetansen om likeverdige tenester og bruk av tolk** i aktuelle tenesteområde. Dette handlar ikkje berre om medvit om plikta til å leggje til rette for tenester, men òg om å sikre kompetanse på korleis denne tilrettelegginga kan gjennomførast i praksis.
- **Sikre eit aktivt og strukturert samarbeid mellom integreringstenesta og frivilligheita/lokalsamfunnet**. Dette vil òg innebere eit tettare samarbeid mellom integreringstenesta og kulturavdelinga i kommunen. Samarbeidet bør prioritere tiltak som gjev god effekt på inkludering av personar med flyktningbakgrunn, og ikkje «bruke opp» frivilligheita sitt engasjement og kapasitet på mindre effektive tiltak. Det er til dømes ikkje ønskjeleg å involvere frivilligheita i praktiske oppgåver knytte til busetting av flyktningar, men heller rette innsatsen mot tiltak som fremjar sosial integrering.
- **Utvikle og formidle lågterskel informasjons- og rettleiingsmateriell om inkludering og mangfald retta mot lokalsamfunnet**, mellom anna lag og foreningar og føresette i barnehage og skule. Målet er å bidra til auka tryggleik og handlingskompetanse i møte med mangfald i kvardagen, og å senke terskelen for kontakt.

Dei aktuelle tenesteområda for kompetanseheving er primært tenester innan oppvekst og helse som møter flyktningar i sitt daglege arbeid.

Tiltaka vil styrkje kommunen og lokalsamfunnet sin inkluderingskompetanse på ein måte som òg vil kome andre grupper enn flyktningar til gode. Inkludering er viktig for å førebyggje utanforskap og tilhøyrande sosiale og helsemessige utfordringar i heile samfunnet. Inkluderingskompetanse handlar difor ikkje om enkeltgrupper, men om ei grunnleggjande haldning til menneske generelt.

4.2 Kvalifisering for vaksne flyktningar

Norskkunnskapar er ein nøkkel til integrering, og formell utdanning er ein nøkkel til stabil tilknytning til arbeidslivet. Samstundes er det krevjande å gje flyktningar tilstrekkelege norskkunnskapar og kvalifisering innanfor rammene av nasjonale føringar og lokale føresetnader. Læringssenteret arbeider allereie aktivt med å rette norskopplæringa mot deltaking i arbeids- og samfunnsliv, men låge elevtal på Læringssenteret gjer differensiering og organisering krevjande. For at flyktningar skal få formell kompetanse, krevst det god samordning med andre instansar, særleg Karrieresenteret.

Prioriterte innsatsområde:

- **Vidare styrkje Læringssenteret sitt arbeid med individuelt tilpassa norskopplæring.** Norskopplæringa skal vere retta mot deltaking i arbeids- og samfunnsliv, ikkje primært mot å bestå norskprøva på eit gitt nivå (sjølv om dette sjølv sagt gjev ein indikasjon på måloppnåing). Dette inneber at den enkelte deltakaren skal lære det språket hen treng i sitt eige daglegliv og yrke. Sistnemnde føreset eit tett samarbeid med programrådgivar om praksis, der norsklærar følgjer opp den språklege utviklinga på praksisplassen. Individuell tilpassing treng ikkje å bety at undervisninga ikkje kan skje i gruppe; når ein deltakar skal øve på språket hen treng som butikkmedarbeidar, vil alle dei andre i gruppa ha nytte av å øve på språket dei treng som kundar.
- **Greie ut alternative måtar å organisere opplæringa** i norsk og samfunnskunnskap og andre kurs i introduksjonsprogrammet på. Her vil det vere aktuelt å sjå på samarbeid med nabokommunar om enkeltelement, bruk av digital opplæring og eksterne kurs, samt interkommunalt samarbeid eller kjøp av tenester. Effektiv organisering må vegast opp mot både forventa kvalitet og tilknytning til lokalsamfunnet.
- **Sikre eit aktivt og strukturert samarbeid med eksterne kvalifiseringstilbydarar**, som Karrieresenteret, Nord-Aurdal Læringssenter og, når det er relevant, Valdres vidaregåande skule.
- **Styrkje samarbeidet mellom integreringstenesta, kommunen si personalavdeling og dei ulike tenesteområda.** Føremålet er å leggje til rette for at eventuell formell kvalifisering i introduksjonsprogrammet kan bidra til å dekkje kommunen sitt kompetansebehov, og samstundes sikre eit godt samarbeid om den enkelte sitt kvalifiseringsløp.
- **Framleis leggje til rette for deltaking i kvalifiseringstilbod utanfor kommunen** gjennom koordinert transport når dette er nødvendig.

Tiltaka skal bidra til at fleire personar med flyktningbakgrunn oppnår funksjonelle norskkunnskapar og relevant kompetanse, og dermed får betre føresetnader for deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Samstundes skal organiseringa av kvalifiseringstilbodet tilpassast lokale føresetnader, slik at òg ein liten kommune kan tilby eit heilskapleg og relevant kvalifiseringsløp.

4.3 Arbeid og sjølvforsørging

Deltaking i arbeidslivet er avgjerande for økonomisk sjølvstende og langsiktig integrering. Samstundes er sysselsetjingsgraden blant personar med flyktningbakgrunn lågare enn i befolkninga elles, og den lokale arbeidsmarknaden stiller relativt høge krav til både språkferdigheiter og formell kompetanse. Øystre Slidre har ein relativt liten og spesialisert arbeidsmarknad, der reiselivsnæringa er ein viktig inngangsport til arbeid for personar med flyktningbakgrunn. Samstundes kan eit avgrensa tal arbeidsgivarar og manglande samsvar mellom kompetanse og lokale jobbmoglegheiter vere ei utfordring for arbeidsmarknadsintegreringa.

Prioriterte innsatsområde:

- **Vidareføre og styrkje den individuelt tilpassa, arbeidsretta oppfølginga** av deltakarar i introduksjonsprogrammet. Introduksjonsprogrammet skal tilpassast den enkelte sine føresetnader og mål om arbeid, og så langt det er mogleg innehalde praksis i det ordinære arbeidslivet. Tidleg og tett oppfølging er viktig for å sikre progresjon og overgang til arbeid.
- **Bruke handlingsrommet som finst i organiseringa av introduksjonsprogrammet til å tilby bransjespesifikk opplæring** når dette er nyttig for den enkelte deltakaren. Her er det særleg aktuelt med opplæring retta mot reiselivet, der denne yrkesretta opplæringa i kombinasjon med arbeidsretta norskopplæring kan ha ein reell effekt på den enkelte sine moglegheiter for tilsetjing. Det er ikkje realistisk å organisere bransjekurs i eigen regi, men aktuelt å nytte Nav sine arbeidsmarknadstiltak. Dette føreset eit godt samarbeid med arbeidsretta rettleiar i Nav.
- **Vidareføre og vidareutvikle eit fleksibelt og relasjonsbasert samarbeid med lokalt arbeidsliv.** I ein arbeidsmarknad med få og små arbeidsgivarar er det viktig med tett dialog og låg terskel for samarbeid, framfor formaliserte ordningar. Målet er å leggje til rette for praksisplassar og moglegheiter for tilsetjing der det er mogleg.
- **Kommunen som arbeidsgivar skal tilby praksisplassar til deltakarar i introduksjonsprogrammet** så langt det er mogleg og innan alle tenesteområde. Dette er viktig for å sikre praksisplassar med god kvalitet som er tilpassa deltakarane sine mål.
- **Kommunen som arbeidsgivar skal aktivt nytte handlingsrommet som finst for å tilsetje personar med flyktningbakgrunn** i ordinære stillingar. Dette føreset eit godt samarbeid mellom integreringstenesta, personalavdelinga og dei ulike tenesteområda, og at ein aktivt vurderer å nytte unntak frå kvalifikasjonsprinsippet når det er mogleg. Flyktningar er ei av prioriterte målgrupper innanfor dette arbeidet, samstundes som kommunen tek omsyn til andre prioriteringar i arbeidet med inkludering i arbeidslivet.
- **Greie ut ordningar som kan gjere det lettare for personar med flyktningbakgrunn å få førarkort og bil.** Dette kan til dømes innebere å tilby trafikkalt grunnkurs som ein del av introduksjonsprogrammet, stille ein kommunal bil til disposisjon for øvingskøyring i regi av frivilligheita, samt vurdere ordningar for økonomisk støtte eller lån til køyreopplæring og/eller bil.

Tiltaka skal bidra til at fleire personar med flyktningbakgrunn får og held på arbeid, og oppnår økonomisk sjølvstende. Samarbeidet med arbeidslivet skal vidareutviklast, og kommunen si rolle som arbeidsgivar skal styrkjast, slik at fleire får ei varig tilknytning til arbeidslivet.

4.4 Tilhøyrslø, samfunnsdeltaking og medborgarskap

Tilhøyrslø og deltaking i lokalsamfunnet er ein viktig del av integreringa, og har betydning både for den enkelte si livskvalitet og for om personar med flyktningbakgrunn vel å bli buande i kommunen. Samstundes er deltakinga avgrensa, og det er få møteplassar der det er naturleg å bli kjend med andre. Mange aktivitetar er òg organiserte på ein måte som ikkje nødvendigvis samsvarar med erfaringane flyktningar har med seg.

I ein distriktskommune som Øystre Slidre kan avstand og avgrensa kollektivtilbod gjere det vanskeleg å delta i både sosiale aktivitetar og demokratiske arenaer. Dette satsingsområdet handlar om korleis kommunen kan leggje til rette for auka deltaking, tilhøyrslø og medborgarskap i lokalsamfunnet.

Prioriterte innsatsområde:

- **Leggje til rette for inkluderande møteplassar i lokalsamfunnet.** Dette kan innebere å støtte opp under eksisterande arenaer, bidra til å utvikle nye møteplassar i samarbeid med frivilligheita, samt leggje til rette for lågterskel og meir uformelle arenaer der det er mogleg å bli kjend på tvers av bakgrunn. Dette føreset eit godt samarbeid mellom integreringstenesta, kulturavdelinga og frivilligheita.
- **Greie ut ei ordning med fritidskoordinator.** Dette er ein funksjon med mål om å gjere det lettare for barn og unge å delta i fritidsaktivitetar, mellom anna gjennom betre koordinering. Det er ei ordning det kan søkjast tilskot til, og tilbodet kan med fordel omfatte fleire enn berre flyktningbarn.
- **Leggje til rette for deltaking i aktivitetar og arrangement uavhengig av tilgang til bil.** Dette kan innebere tilpassing av tidspunkt og lokalisering av aktivitetar, samt ordningar for samordning av transport der det er mogleg. Det kan òg vere aktuelt å greie ut bruk av integreringstenesta sin bil til transport til og frå aktivitetar, i samarbeid med frivilligheita.
- **Styrkje medverknad og representasjon blant personar med flyktningbakgrunn i lokalsamfunnet.** Dette kan innebere å aktivt invitere til deltaking i råd, utval og organisasjonar, samt gje informasjon og rettleiing om korleis ein kan engasjere seg. Sistnemnde kan vere aktuelt å gjere som ein del av introduksjonsprogrammet.
- **Styrkje tilhøyrslø gjennom lokalkunnskap.** Opplæringa i samfunnskunnskap gjev nykomne flyktningar grunnleggjande kunnskap om det norske samfunnet, men i mindre grad om lokale forhold. Som eit supplement kan det utviklast eit kursopplegg med fokus på Øystre Slidre. Auka lokalkunnskap kan gjere det lettare å orientere seg i lokalsamfunnet og bidra til ei felles referanseramme i møte med andre innbyggjarar.

Tiltaka skal bidra til auka deltaking i lokalsamfunnet, sterkare tilhøyrslø og større grad av medborgarskap blant personar med flyktningbakgrunn. Samstundes skal arbeidet leggje til rette for at fleire etablerer sosiale nettverk og vel å bli buande i kommunen over tid.

4.5 Koordinering og styring

Integreringsarbeidet er sektorovergripande og involverer fleire tenester og forvaltningsnivå. Samstundes kan personar med flyktningbakgrunn ha behov for ekstra hjelp for å orientere seg i dei ulike offentlege tenestene. God koordinering er difor ein føresetnad for å sikre at personar med flyktningbakgrunn får eit heilskapleg og samanhengande tilbod.

Dette satsingsområdet handlar om å styrkje styringa og koordineringa av integreringsarbeidet, internt og i samarbeid med eksterne aktørar, slik at innsatsen blir meir heilskapleg, føreseieleg og målretta.

Prioriterte innsatsområde:

- **Etablere ein tydeleg struktur for samarbeid mellom tenester internt i kommunen.** Sidan integreringsarbeidet er sektorovergripande, er det viktig å involvere skule, barnehage, helsetenester og bustadkontor i tillegg til integreringstenesta. Dette kan til dømes innebere halvårlege møte på leiarnivå med integrering som tema.
- **Styrkje samarbeidet med Karrieresenteret og Nav.** Samarbeidet med Nav er per i dag formalisert gjennom samarbeidsavtale og rutinar. Det er behov for å utvide dette til òg å omfatte Karrieresenteret, mellom anna gjennom etablering av samarbeidsrutinar og faste møtepunkt.
- **Etablere eit system for å vurdere måloppnåing.** Integreringstenesta har allereie tydelege rollebeskrivingar og rutinar for sentrale prosessar, men manglar eit system for strukturert mål- og resultatoppfølging. Dette må etablerast for å kunne styre integreringsarbeidet på ein rasjonell måte, og for å kunne vurdere måloppnåing etter denne planen.

Tiltaka skal bidra til at integreringsarbeidet i kommunen blir meir heilskapleg, føreseieleg og effektivt. Tydelegare strukturar og betre samordning mellom tenester og aktørar er ein føresetnad for å lukkast med dei øvrige satsingsområda i planen.

Vedlegg

Vedlegg 1: Indikatorar for måloppnåing

Integrering er eit samansett omgrep som kan vere vanskeleg å måle direkte. Vi nyttar difor fleire ulike indikatorar som til saman kan gje eit bilete av måloppnåinga og status for integreringa av flyktingar i kommunen.

Satsingsområde	Indikator	Måltal	Datakjelde
Haldningar	Del tilsette i relevante kommunale tenester som har fått opplæring om mangfald, migrasjon, interkulturell kommunikasjon eller liknande	80%	Intern
Haldningar	Del personar med flyktingbakgrunn som oppgir å kjenne seg velkomne i lokalsamfunnet	80%	Intern
Kvalifisering	Del deltakarar i introduksjonsprogrammet som oppnår minimum nivå A2 i alle delferdigheiter i den avsluttande norskprøva	60 %	Intern
Kvalifisering	Del deltakarar i introduksjonsprogrammet som oppnår minimum nivå B1 munnleg i den avsluttande norskprøva	30 %	Intern
Kvalifisering	Del deltakarar i introduksjonsprogrammet med praksis som tiltak minst 15 timar i veka i løpet av programmet	90 %	IMDi
Kvalifisering	Del personar som avsluttar introduksjonsprogrammet som går direkte til arbeid eller utdanning	65 %	IMDi
Arbeid	Del som er i arbeid eller ordinær utdanning året etter avslutta introduksjonsprogram	75 %	SSB
Arbeid	Del flyktingar, uavhengig av busettingsår, som er i arbeid	65 %	SSB
Arbeid	Del personar med flyktingbakgrunn som mottok økonomisk sosialhjelp 6 år etter busetting	Som andre	Intern (Nav)
Arbeid	Gjennomsnittleg beløp sosialhjelpsmottakarar med flyktingbakgrunn mottok i sosialhjelp 6 år etter busetting	Som andre	Intern (Nav)
Arbeid	Del tilsette i kommunen med flyktingbakgrunn	Auking	Intern
Tilhøyrslø	Del personar med flyktingbakgrunn som framleis bur i kommunen 6 år etter busetting	60 %	Intern
Tilhøyrslø	Del personar med flyktingbakgrunn som har fått norsk statsborgarskap 12 år etter busetting	70 %	Intern/ IMDi
Tilhøyrslø	Del stemmeføre innvandrarak som røyster ved lokalval	60 %	SSB
Tilhøyrslø	Del minoritetsspråklege barn som deltek i barnehage	90 %	SSB
Koordinering	Tal gonger i året ein tilsett i integreringstenesta deltek i møte med andre tenesteområde internt i kommunen (ikkje enkeltsaker)	6	Intern
Koordinering	Tal gonger i året ein tilsett i integreringstenesta deltek i møte med samarbeidspartnarar utanfor kommunen (ikkje enkeltsaker)	8	Intern
Koordinering	Tal gonger i året det blir halde overordna samarbeidsmøte om integrering	4	Intern

Vedlegg 2: Rammer og føringar

Lovverk

Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)

Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)

Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven)

Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven)

Samt tilhørende forskrifter og rundskriv

Nasjonale føringar

Meld. St. 17 (2023-2024) Om integreringspolitikken: Stille krav og stille opp

Meld. St. 14 (2019–2020) Kompetansereformen – Lære hele livet

Regjeringens integreringsstrategi 2019-2022: integrering gjennom kunnskap

Sjef i eget liv – styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold (2025-2028)

Hvordan går det med integreringen i Norge? Indikatorer, status og utviklingstrekk i 2024

IMDis veileder til integreringsloven

Regionale og lokale føringar

Regional plan for det inkluderende Innlandet

Regional plan – Kompetanse for arbeidsliv i rask endring 2018 – 2030

Frivillighetsstrategi for Innlandet

Vedlegg 3: Definisjonar

Vedlegget gjev korte definisjonar av sentrale omgrep som blir brukte i planen.

Personkategoriar

Flyktningar

Personar som har fått opphald i Noreg med flukt som grunnlag. Dette omfattar personar som har fått asyl, opphald på humanitært grunnlag, mellombels kollektiv beskyttelse eller er overføringsflyktningar (kvoteflyktningar).

Overføringsflyktningar (kvoteflyktningar)

Personar som har flykta frå heimlandet sitt, og som blir overførte til eit tredje land etter eit organisert vedtak, vanlegvis i samarbeid med FN's høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Etter framlegg frå regjeringa fastset Stortinget ein kvote for kor mange overføringsflyktningar Noreg kan ta imot kvart år.

Familieinnvandra

Personar som har innvandra til Noreg av familiære årsaker.

Personar med flyktningbakgrunn

Omfattar både flyktningar og familieinnvandra til flyktningar.

Opphaldsgrunnlag og innvandring

Innvandringsgrunn

Grunn til første innvandring. Alle førstegongsinnvandrarar med ikkje-nordisk statsborgarskap som kom etter 1989, har vorte tildelte ein av hovudkategoriane flukt, familie, arbeid, utdanning eller Anna.

Asyl (beskyttelse)

Opphaldsløyve som blir gjevne til personar som har behov for beskyttelse i Noreg.

Kollektiv beskyttelse

Kollektiv beskyttelse inneber at fleire personar i ein massefluktsituasjon får beskyttelse på grunnlag av ei gruppevurdering og ikkje ei individuell vurdering.

Integrering og kvalifisering

Integrering

Ein prosess der personar med innvandrarbakgrunn deltek i og blir ein del av samfunns- og arbeidsliv, samstundes som samfunnet legg til rette for deltaking og inkludering.

Introduksjonsprogrammet

Eit kvalifiseringsprogram for nykomne flyktningar, med mål om overgang til arbeid eller utdanning. Programmet inneheld mellom anna norskopplæring, samfunnskunnskap og arbeidsretta tiltak.

Introduksjonsstønad

Økonomisk yting til deltakarar i introduksjonsprogrammet.

Likeverdige tenester

Offentlege tenester som er tilpassa den enkelte sine behov, slik at alle har reell tilgang til tenester uavhengig av språk, bakgrunn eller livssituasjon.

Tolk

Ein person som omset munnleg mellom språk, slik at personar med avgrensa norskkunnskapar kan kommunisere med offentlege tenester.

Vedlegg 4: Språknivå

Språknivåa i planen følger Det felles europeiske rammeverket for språk (CEFR), som skildrar språkferdigheiter på ein skala frå A1 til C2:

Basisbrukar	A1	Kan forstå og bruke enkle uttrykk og delta i heilt enkle samtalar.
	A2	Kan forstå og bruke vanlege uttrykk i dagleglivet og klare seg i enkle samtalesituasjonar.
Sjølvstendig brukar	B1	Kan forstå og bruke språket i kjende situasjonar, og uttrykkje seg enkelt og samanhengande.
	B2	Kan delta i samtalar med god flyt og forstå meir komplekse tekstar.
Avansert brukar	C1	Avansert nivå med høg grad av presisjon og flyt i språkbruk.
	C2	Meistrar språket på eit svært høgt nivå, både munnleg og skriftleg.

I integreringsarbeidet er nivå A2 ofte eit minimum for grunnleggjande deltaking i samfunnsliv, medan nivå B1 og høgare er viktig for stabil tilknytning til arbeidslivet.

B2 er kravet for opptak til høgare utdanning og for enkelte yrke med lovpålagde språkkrav.